




# Orden og Trivsel på Knappskog skule



Sist revidert i november 2008





## Innhald

.....

	Side
Forord.....	3
Forskrift om ordensreglement for Knappskog skule.....	4
Innereglar.....	5
Utereglar.....	6
Reglar i undervisning.....	7
Individuell plan.....	8
Reglar for bruk av datarom.....	9
Ordensreglar for skulane i Fjell kommune.....	11
Opplæringslova.....	13
Vedlegg 1---Individuell handlingsplan.....	14
Vedlegg 2---Snøballkasting.....	15
Vedlegg 3---Bruk av mobiltelefon i skuletida.....	16
Vedlegg 4---Rapport vedrørende hending i friminuttet.....	17
Vedlegg 5---Rapport vedrørende hending i undervisninga.....	19
Vedlegg 6---Avtale for bruk av datamaskinar og internett på skulen.....	21





## Kjære elevar og føresette ved Knappskog Skule

Knappskog skule ynskjer å vere ein skule der vi set fokus på læring og trivsel. Dei som jobbar på skulen har som mål at elevane skal ha eit godt læringsutbytte når dei er på skulen. Det er difor viktig at ressursane skulen har fått tildelt, blir brukte i undervisninga til beste for alle elevane på skulen.

Dei siste åra har det dessverre vore ei negativ utvikling, og meir og meir tid og energi går med til sosial oppfylgning av elevane i staden for fagleg formidling. Tid som i utgangspunktet er sett av til læring for alle elevane, blir no i større grad enn tidlegare, brukt til å handsame einskilde elevar si negative åtferd. Skal ein ha ein velfungerande skule, må ein ha eit godt miljø, basert på eit sett av regler og elementær respekt for kvarandre. Dessverre er elevar med manglande respekt for vaksne autoritetar eit tiltakande problem, og ved vår skule. Denne utviklinga er svært krevjande for læraren som først og fremst skal vere ein kunnskapsformidlar.

På bakgrunn av dette er det no behov for ein innstramming av ordensreglementet ved skulen. Administrasjonen har i samarbeid med dei tilsette og FAU, vore gjennom ein konstruktiv prosess som har resultert i eit utvida dokument for orden og trivsel ved skulen vår. Skulen og FAU ynskjer med dette å sende ut eit klårt signal om ansvarsplassering og forpliktande samarbeid om oppsedinga av elevane ved skulen, det er særskild viktig at skulen og heimen spelar på lag i dette viktige arbeidet.

Innhaldet i planen er detaljert og må, som tidlegare har vore vanleg, reviderast og godkjennast av samarbeidsutvalet ved starten av kvart skuleår. Reglane er spesifisert men går i prinsippet ut på at elevane skal te seg etter normal standard for vanleg folkeskikk. Det nye er at brot i høve til reglementet gjev klare konsekvensar for elevane. Lærarane skal vise godt skjønn og vere så rettferdige som mogeleg og elevane har rett til å verta høyrde i saker som vedkjem dei. Alle reglar er heimla i opplæringslova eller i det felles kommunale ordensreglementet som gjeld for skular i Fjell kommune.

Skulen og FAU håpar at det nye reglementet vil betre læringsutbytte i klassane, og at vi gjennom konstruktivt samarbeid kan ha ein god dialog med foreldra i handteringa av ordensrelaterte saker.

Plan for orden og trivsel vart vedteke i samarbeidsutvalet 29. april 2008.

Bård Sekkingstad (sign.)  
Leiar i Samarbeidsutvalet

Odd Erik Kjeldstad (sign.)  
Undervisningsinspektør

Siren Andreassen (sign.)  
Leiar i FAU

Wilhelm Anglevik (sign.)  
Rektor





## FORSKRIFT OM ORDENSREGLEMENT FOR KNAPPSKOG SKULE

Ordensreglementet er ei forskrift etter forvaltningslova § 2 og etter opplæringslova etter § 13-1 tredje ledd.

Det går fram av opplæringslova §§ 2-9 og 3-8 at reglementet skal gje reglar om rettar og plikter for elevane så langt dei ikkje er fastsette i lov eller kjem fram på annan måte.

Reglementet skal innehalde klare reglar om ønskt orden og åtferd ved skulen, om kva for tiltak som skal nyttast som reaksjonar på brot på reglementet, og kva framgangsmåte som skal nyttast ved slike høve.

- 1) Alle elevar på Knappskog skule har rett på eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.
- 2) Alle elevar skal syne omsorg og respekt ovanfor medelevar og andre på skulen.
- 3) Alle elevar skal møte til skule og undervisning i rett tid og halde arbeidsro i undervisningstida og inne i skulehuset.
- 4) Alle på skulen har ansvar for å ta godt vare på alt som tilhøyrrer skulen, både ute og inne, og stelle fint med skulebøker og anna undervisningsmateriell.
- 5) På Knappskog skule er det forbod mot:  
Mobbing og plaging av medelevar.  
Røyking og bruk andre rusmiddel. Bruk av snop og brus utanom særlege høve.  
Ha med seg kniv eller andre farlege gjenstandar.  
Bruk av mobiltelefon. Den skal vere avslått og liggje i sekken.  
Snøballkasting utanom tilvist blink.
- 6) Alle elevar skal retta seg etter og syne respekt for autoritetane ved skulen.  
Motsetjing av beskjed eller uhøvisk tilsvar til ein vaksen er ikkje tillate.
- 7) Elevane kan sykle til skulen etter avtale og ansvar frå foreldre når dei går i 5. klasse.

### Konsekvensar ved brot på ordensreglane.

Konsekvensane for eleven ved brot på ordensreglementet skal vere innanfor heimel i opplæringslova §2-9. Rektor tek avgjerd når det gjeld alvorlege brot på ordensreglementet som til dømes bortvising.

Konsekvensar for brot på klassereglar vert ikkje omtala her. Likeins har skulen ein eigen plan for oppfølging av mobbesaker. Korleis slike saker skal handsamast er nedskreven i Knappskog skule sin antimobbeplan.





## Innereglar.

- 1) Dørene til skulen er open frå klokka 0830. Elevane har frå dette tidspunkt høve til å opphalde seg rolig i sitt klasserom til undervisninga startar klokka 0840 <sup>1</sup>. Frå 0830 er det og tilsyn og elevane kan få låne utstyr til leik ute.
- 2) Når elevane kjem inn i skulebygningen må dei te seg på roleg vis. Det er ikkje tillete med leik og støy i gangar og i garderober.
- 3) Elevane må syne respekt for inventar og utstyr samt diverse elevarbeid som ligg fritt på skulen.
- 4) Innimellom er det kantine om fredagen. Elevane kan då kjøpe mat i kantina. Når dei har handla må dei gå tilbake til klasserommet å finne ein plass dei kan sitte å ete maten sin. Dei må rydde opp etter seg ved plassen dei har vore.
- 5) Når elevane kjem frå gym/symjing kan elevane gå inn i gangen med sekken. Dei har ikkje lov til å gå inn i klasserommet.

## Konsekvensar ved brot på reglane.

Elevar som bryt reglane vil i første omgang få ein munnleg åtvaring. Viss dei bryt reglane på nytt innan kort tid vil dei bli fråteke løyve til å vere inne for ei veke. Dei må då stille opp ved tilvist plass før undervisninga og vente til læraren kjem for å hente dei.

Elevar som gjentekne gonger bryt reglane vil etterkvart misse retten til åtvaring.

Det er dei vaksne på skulen som der og då avgjer om reglane er brotne. Dei skal vise godt skjønns og vere så rettferdige som mogeleg. Elevane må rette seg etter den avgjerda som kjem, men har rett til å bli høyrt i saker som vedkjem dei. Vedtaka er endelege og kan i dei fleste tilfelle ikkje påklagast av foreldra.

<sup>1</sup> Løyve til å gå inn i klasserommet frå klokka 0830 gjeld for 4.-7. trinn. På gamleskulen gjeld eigne reglar.





## Utreglar

- 1) I friminutta skal elevane vere ute på tilvist område. Det er ikkje lov å opphalde seg utanfor skulen sitt område.
- 2) Elevane kan låne ballar og anna utstyr dei kan leike med i friminutta. Det er ikkje lov til å spele fotball andre stader enn på fotballbana. Dei som har lånt leikeutstyr har ansvar for å levera det tilbake.
- 3) Elevane må syne omsorg og respekt for kvarandre når dei er ute. Det er særleg viktig at elevane svarar dei vaksne på ein fin måte og rettar seg etter dei pålegga som vert formidla.
- 4) Valdsam leik er forbode. Det er vanskeleg for dei vaksne å skilje mellom valdsam leik og slåssing.
- 5) Viss du veit at nokon vert mobba, må du seie det til ein vaksen. Viss du let vere er du medansvarleg og det kan få konsekvensar for deg.
- 6) Når friminuttet er slutt må elevane straks slutte å leike og gå tilbake til undervisning.
- 7) Det er ikkje tillete å kasta snøball utanom tilvist blink. Er ikkje blinken sett opp skal det ikkje kastast snøball i det heile. Kasting av laus snø er det same som å kasta snøball.

## Konsekvensar ved brot på reglane.

Elevar som oppheld seg utanfor skulen sitt område i eitt eller fleire friminutt får ikkje høve til å vere ute i friminutt resten av dagen. Påfølgande dag må eleven møte inspiserande lærar ved inngangsdør og følgje med han/ho i friminuttet. Heimen vert varsla med brev.

Elevar som ikkje følj reglar når det gjeld bruk og lån av skulen sine ballar og leikeutstyr, missar retten til å låne utstyr for ein periode.

Elevar som ikkje syner omsorg og respekt, samt svarar dei vaksne frekt og let vere å rette seg etter pålegg; missar retten til friminutt resten av dagen samt påfølgande dag. Det vert skive rapport og heimen vert varsla.

Viss det kjem fram at du har vore delaktig i mobbing eller om du veit at nokon vert mobba og du let vere å seie det til ein vaksen (jmf. Olweusprogrammet), kan du misse retten til å bli med i elevrådet på skulen.

Elevar som ikkje kjem tilbake til undervisning etter friminuttet, må som eit prinsipp ta att den tapte tida. Tida må som hovudregel takast att påfølgande dag, før eller etter undervisning. Heimen må varslast. Viss ein elev forsvinn og ikkje kjem tilbake til skulen, må heimen straks varslast. I slike tilfelle gjeld og prinsippet med at eleven skal ta igjen tapt undervisningstid. I nokre spesielle tilfelle kan det i samråd med foreldre og administrasjon gjerast unntak frå regelen.

Heimen vert varsla same dag viss ein elev vert teken i å kasta snøball. Eleven missar retten til å ha friminutt resten av dagen og påfølgande dag.





Skjer det alvorlege episodar i friminuttet må dei elevane det gjeld fjernast frå uteområde og plasserast på kvar sitt rom i påvente av samtale med ein vaksen. Rapport må skrivast og heimen må varslast. Elevane som er skuld i hendinga vert utestengd frå friminuttet for ein periode avhengig av alvorsgrad.

Det er dei vaksne på skulen som der og då avgjer om reglane er brotne. Dei skal vise godt skjønns og prøve å vere så rettferdige som mogeleg. Elevane må rette seg etter den avgjerda som kjem, men har rett til å bli høyrde i saker som vedkjem dei. Vedtaka er endelege og kan i dei fleste tilfelle ikkje påklagast av foreldra.

## Reglar i undervisning.

- 1) Elevane skal syne respekt for læraren og undervisninga, bidra til arbeidsro og straks rette seg etter dei meldingar som vert formidla av læraren. Avgjersler som er teke av lærar skal ikkje diskutert, men elevane har rett til å verta høyrde i saker som vedkjem dei.
- 2) Elevane skal til ei kvar tid ha med seg skulesaker som pennal m/innhald og skulebøker. Elevane må stelle fint med skulebøker og anna undervisningsmateriell som tilhøyrer skulen.
- 3) Elevane må møte i god tid før første time.
- 4) Kvar klasse har i tillegg egne klassereglar som gjeld for klassen.

## Konsekvensar ved brot på reglane.

Elevar som uroar i timen og ikkje rettar seg etter det læraren seier vil i første omgang få ein åtvaring. Syner dei framleis ikkje respekt for undervisninga vert dei noterte ned og det vert skrive rapport om hendinga. Heimen vert varsla.

Eleven vert innkalla til samtale med kontaktlærar eller Inspektør/Rektor. Tappt undervisningstid må takast igjen før eller etter undervisning neste dag.

Elevar som kjem for seint til på skulen vert noterte opp. Skjer dette gjentekne gonger (3 gonger) vert heimen varsla. Tappt undervisningstid må takast igjen ved avtalt tidspunkt.

Elevar som ikkje syner respekt for skulen sine eigedelar vert stilt ansvarlege for skadeverket. Det skal skrivast rapport og dei føresette vert rutinemessig varsla. Dei føresette har eit ansvar for å rydde opp/utbetre skaden og er erstatningspliktig for skadeverk opptil 5000,-. Rektor avgjer storleiken på beløpet.





## Individuell plan.

Elevar som har ein avvikande åtferd som i periodar fører til at dei gjentekne gonger bryt dei fastsette rammene skulen har, kan kome innunder ordninga med individuell plan.

Kontaktlærer avgjer i samråd med administrasjonen om eleven kjem innunder tiltak om individuell plan. Det er skulen som fastsett rammene i planen, men dei føresette skal under prosessen takast med på råd. Planen kan i spesielle tilfelle avvike noko frå ordensreglementet, men hovudprinsippet er at ordensreglane på skulen ligg fast.

### **Innhald**

Ein individuell åtferdsplan skal innehalde konkrete mål for åtferdskorrigerings. Vidare skal planen seie noko om korleis tiltaka skal gjennomførast og kva for konsekvensar det får for eleven dersom tiltaka i planen ikkje vert følgt.

### **Planprosess**

Planen vert utarbeidd av kontaktlærer og framlagt dei føresette for uttale. Når planen er ferdigbehandla skal det innkallast til eit møte der eleven deltek og vert gjort kjent med planen. På møte deltek dei føresette, eleven og kontaktlærer. I spesielle tilhøve kan spes.ped -lærer og/eller administrasjonen delta. Planen forpliktar og skal signerast av eleven, dei føresette og kontaktlærer.

Når planen er sett i verk er det viktig at tiltaka vert følgt opp med tett dialog mellom skule og heim. Skulen skal innkalle til eit oppfølgingsmøte med evaluering og korrigerings etter ein månad. Vidare oppfølging vert bestemt ut frå møte og i samråd med dei føresette.

Det er eit hovudmål at eleven etter ei tid skal tilbake i ein normal situasjon.





## Reglar for bruk av datarom ved skulen

Skulen ynskjer å ha eit godt tilbod til elevane innan data. For at dette tilbodet skal kunne oppretthaldast må skulen setje klare reglar for bruken av datarom og utstyr.

### **Bruk av rom med datamaskiner.**

1. Stolane skal stå på fast plass, ein til kvar PC.
2. Mat og drikke skal ikkje takast med inn framfor maskiner.
3. Alt boss må fjernast før du går frå rommet.
4. Datamaskinane skal berre nyttast til skulearbeid.

### **Bruk av datautstyret**

5. Bruk datautstyret som om det var ditt eige. Ikkje utsett utstyret for hardhendt behandling og ver spesielt varsam med kablar og leidningar.
6. Feil og manglar ved utstyret skal meldast til IKT-ansvarleg. Utstyret skal ikkje flyttast eller bytast om.
7. Det er ikkje tillate å bruke datamaskinene til spel/underhaldning.
8. Det er ikkje tillate å installere eigne program på datamaskinane
9. Eigne datafilar kan berre lagrast i eiga mappe eller på minnepenn. Filar som blir lagra andre stader vil bli sletta av systemansvarleg.
10. Ver merksam på at ved slutten av kvart skuleår vert alle data på nettverks - stasjonane til avgangselevane sletta. Ta difor kopi av data du vil ta vare på.
11. Alle elevar får eige brukarnamn og passord til It`s learning. Brukarnamn og passord kan ikkje "lånast ut" til andre. Sikker lagring for elevar på It`s learning.
12. Internett må brukast med fornuft (sjå avtale om bruken av datautstyr på skulen).
13. Ta berre utskrifter som er høgst naudsynte. Ved utskrift frå internett, må du først kopiere teksten/bilete over i word/writer før du tek utskrift.

### **Arbeidsmiljø og etikk**

- Dataromma er arbeidsplassar der det skal vere ro og høve til å konsentrere seg om arbeidet. Det skal ikkje spelast musikk eller nyttast programvare som støyar.
- Datautstyret skal ikkje nyttast til å skaffe seg tilgang til andre brukarar sine dataressursar eller dataområde. Det skal heller ikkje nyttast til å skaffe seg ulovleg tilgang til andre verksemder sine dataressursar eller forsøk på dette.

### **Kontroll og reaksjonar ved misbruk**

Skulen kan:

- sjekke harddisk på PC-ar og serverar etter "spor"
- slette filer det ikkje er lov å lagre på skulen sitt datautstyr.
- "sikre bevis" på datautstyret og overlate dette til påtalemakta ved mistanke om lovbrøt.
- logge informasjon om kva for sider på Internett den einskilde besøkjer





### Tilgangskort.

- Elevane må skrive under ein avtale der dei forpliktar seg til å overhalde reglar ved bruk av datamaskinane på skulen. Når det er gjort vil dei få utdelt eit tilgangskort som gjev elevane ein del rettar i bruken av datarom og bibliotek.

### Konsekvensar ved brot på reglane.

Elevar som bryt ein eller fleire av reglane som gjeld ved bruk av datarom, vil få tilgangskortet inndrege for ein periode. Er regelbrotet mindre alvorleg vert tilgangskortet inndrege i 14 dagar. For meir alvorlege brot vert tilgangskortet inndrege for ein lengre periode.

For grovt skadeverk gjeld Fjell kommune sitt kommunale ordensreglement, dei føresette kan bli stilt økonomisk ansvarleg.





## ORDENSREGLAR FOR SKULANE I FJELL KOMMUNE

Alle skular skal ha eit ordensreglement. Opplæringslova § 2.9.  
Ordensreglementet er ei forskrift. Forvaltningslova §2, §37, §38  
Reglement R-skriv 07-2005 frå Utdanningsdirektoratet er lagt til grunn.  
Skulane kan ha utfyllande reglar. Elevar, føresette, lærarar og skuleleiinga bør delta i utforminga av desse reglane.

1. Alle elevar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. Opplæringslova § 9a. 1 og 4
2. Alle elevar har rett til eit mobbefritt miljø der alle har medansvar for at ikkje nokon opplever krenkande og ulovleg åtferd frå andre.
3. Alle elevar har rett til å bli høyrde i saker som vedkjem dei. Opplæringslova §2.9. og 3.7.
4. Alle elevar skal vise omsyn og respekt for andre, bidra til arbeidsro i timane og syne respekt for undervisninga.
5. Elevar skal ikkje ha med eller bruke farleg reiskap på skulen.
6. Det er forbode å ha med eller bruke rusmiddel på skuleområdet. Dette gjeld også arrangement utanom skuletida. Opplæringslova §9.5.
7. Elevar skal ikkje bruke mobiltelefon eller anna privat, elektronisk utstyr i skuletida – dette skal vere avslått og ligge i sekken.

### Sanksjonar ved brot på ordensreglane

- Samtale, munnleg eller skriftleg åtvaring frå lærar/inspektør/rektor
- Melding til dei føresette, møte med dei føresette
- Utvisning i inntil 3 dagar (forvaltningslova § 2.10 - enkeltvedtak med klagerett)
- Skifte av gruppe, klasse, skule
- Nedsett karakter i orden og åtferd
- Inndraging av mobiltelefon eller anna privat, elektronisk utstyr – kan berre hentast av dei føresette etter skuletid
- Skadeverk medfører at eleven må rydde opp /utbetre skaden og dei føresette er erstatningsansvarleg for inntil kr. 5000 (skadeerstatningslova §1.2)
- Inndraging av ulovlege eller farlege gjenstandar og evt. levering av desse til politiet
- Ved lovbrott vil rådmannen vurdere å melda saka til politiet (kommunal prosedyre).





## **Presiseringar:**

### **Krenkande og ulovleg åtfærd er til dømes:**

- fotografering av medelevar og leggje bileta på nettet, negativ omtale på nettside
- negative sms , mms, chat, epost, ryktespreiing
- rasistiske utsegn og handlingar
- seksuell trakassering
- sjikane på grunn av religion eller livssyn
- hærverk
- valdsbruk
- mobbing
- trugsmål

### **Farleg reiskap:**

er gjenstandar som kan brukast til å skade andre t.d.  
knivar, stikkereiskap, våpen av ulike slag

**Rusmiddel:** nulltoleranse for tobakk og andre rusmiddel

**Dat. 07.03.2007**





## Opplæringslova.

### § 2-9. Ordensreglement og liknande

Kommunen skal gi forskrifter om ordensreglement for den enkelte grunnskolen. Reglementet skal gi reglar om rettane og pliktene til elevane så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om åtferd, reglar om kva tiltak som skal kunne brukast mot elevar som bryt reglementet og reglar om framgangsmåten når slike saker skal behandlast.

Ordensreglementet skal gjerast kjent for elevane og foreldra. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.

Fysisk refsing eller anna krenkjande behandling må ikkje nyttast.

Før det blir teke avgjerd om refsing, blant anna om bortvising, skal eleven ha høve til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda.

### § 2-10. Bortvising

Kommunen kan fastsetje i ordensreglementet at elevar på årstrinna 8-10 som alvorleg eller fleire gonger bryt reglementet, kan visast bort frå undervisninga i inntil tre dagar, og at elevar på årstrinna 1-7 kan visast bort frå undervisninga for enkelttimar eller for resten av dagen.

Rektor sjølv vedtek bortvising etter å ha rådført seg med lærarane til eleven. Før det blir gjort vedtak, skal ein ha vurdert å bruke andre hjelpe- eller refsingstiltak. Foreldra til elevar på årstrinna 1-7 skal varslast før det blir sett i verk bortvising for resten av dagen.

